

INTERN TOKTRAPPORT

Fiskeridirektoratet
Biblioteket

FARTY: "EPO"
 AVGANG: Rørvik, 2. oktober 1981
 AVSLUTNING: Trondheim, 12. oktober 1981
 OMRÅDE: Helgelandskysten
 FORMÅL: Merking og prøvetaking kysttorsk
 PERSONELL: O.R. Godø og R. Hartvigsen

24 DES. 1981

GJENNOMFØRING:

"Epo" er ein brønnbåt som samlar levande torsk rundt tre gonger i månaden i tida september-april i område 06. Torsken er vanlegvis fanga med ruser, og fiskarane samlar i merar eller flytande brønnar til brønnbåten vitjar området.

Fisken er sortert i "kok" (torsk over 0,7 kg) og "steik" (torsk under 0,7 kg). Både stor og små torsk vart merka.

Torsk som skulle merkast vart samla i mer i ein av brønnane på "EPO". Merkinga gjekk føre seg enten på oppsamlingsstaden eller under fart til neste.

Prøvetaking vart gjort under levering i Trondheim.

RESULTAT:

Geografisk fordeling av merkelokalitetane og antall merka torsk er vist i Fig. 1 og Tabell 1. Totalt vart det merka 996 torsk.

Tabell 1. Antal torsk merka i dei ulike område.

OMRÅDE	LOKALITET	ANTAL TORSK MERKA
0635	1. Tjøtta	144
0635	2. Blomsøy	127
0635	3. Brasøy	92
0633	4. Lurøy	197
0623	5. Sandvær	68
0623	6. Hysvær	169
0612	7. Flatanger	199

Lengdefordeling for den merka torsken i dei ulike områda er vist i Fig. 2. I Fig. 3 er total lengde og aldersfordeling rekna ut etter prøvetaking i Trondheim.

Totallengde og hodelengde målt på 165 fisk. (Fig. 4). Tilhøvet kan beskrivast av lina

$$y = 3.07 x - 15.61$$

der y = hodelengde i mm

x = totallengde i cm

Korrelasjonskoeffisienten i regresjonsanalysa $r = 0.99$

Det ser dermed ut til at hodeprøver kan vere av stor verdi når prøvetaking av heile fisken er vanskeleg.

Bergen, 25/11 1981

Olav R. Godø




Fig. 1. Geografisk fordeling av merkelokalitetene.




Fig. 2. Lengdefordeling av den merka fisken.




Fig. 3. Total lengde - og aldersfordeling i lasten.




Fig. 4. Forholdet mellom total lengde og hodelengde.